



KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2022/1367		24.03.2022

## DELINGSLØYVE – delegert vedtak

Eigar/søkjar:	Roar Sæbø / Kvinnherad kommune
Deling frå gnr/bnr	193/2
Fråddelt parsell skal nyttast til:	Trafikksikringstiltak
Kjøpar av parsellen:	Kvinnherad kommune

### Delegert vedtaksnr.: 2022/146

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-4 og 26-1 vert søknad journalført 01.02.2022 med tilhøyrande situasjonsplan og avtalar, godkjent.

**Naboar er varsla. Det er ikkje kome inn merknadar.**

### Det kan haldast oppmålingsforretning

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve. Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

### Grunnlag for løyvet

- Ev. dispensasjonar frå reguleringsplan må søkjast om i samband med løyve til utføring av trafikksikringstiltak.
- Arealstatus: Den omsøkte arealbruken er i samsvar med reguleringsplan med planident 19980008. Arealet er i gjeldande reguleringsplan synt som trafikkområde og resterande areal er avsett til bustadformål i kommuneplanen.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre nabomerknader til frådelinga.

**Merknader**

- Rekning for behandlingsgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå økonomikontoret til søkjar.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.dibk.no](http://www.dibk.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Anne Rita Eriksen  
*Fagkoordinator byggesak*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

**Kopi til:**

Referatsak forvaltningsutvalet  
Roar Sæbø  
Oppmåling v/Mette Hjelmeland